

Reglement for Solund Kulturskule

Skuleåret

Skuleåret går over 38 veker og fylgjer med det grunnskulen si skulerute med dei fridagar, plandagar og feriar som ligg der.

Søknadsfristar

Det er moglege å søkje om plass gjennom heile skuleåret. Hovudopptaket av elevar vert gjort i overgangen mai/juni, vert det ledige plassar i løp av skuleåret tek ein inn elevar fortløpande.

Oppseiingsfristar

Elevar må binda seg for minst eit halvt år, og eleven/føresette må senda skriftleg oppseiing av elevplassen dersom eleven skal slutte.

Elevar som sluttar ved nyttår må seie opp plassen seinast 1. desember. Elevar som sluttar til sommarferien må seia opp plassen seinast 15. mai. Elevar som seiar opp plassen midt i semesteret må betale for heile semesteret.

Elevavgifta vert sett av kommunestyret og vert justert kvart år.

Undervisningsstader

Solund kulturskule har både desentralisert undervisning, samt knyta til Solund barne og ungdomsskule.

Eleven forpliktar seg til å møte førebudd til undervisninga, om eleven er borte meir enn 3 veker på rad og ikkje melding om dette er gitt til lærar, kan eleven miste plassen i kulturskulen.

Øving

For at eleven skal få utbyte av undervisninga, må han sjølv ha instrument heime og vera viljug til å øve. For elevar som får undervisning i piano og slagverk, skal dei ha tilgang til å øve på instrument som har full storleik.

Avlysing av undervisninga

Når lærarar vert sjuke, vil kulturskulen engasjere vikarar. Av og til kan det vera vanskeleg på kort varsel. Når det skjer, kan det bli naudsynt å avlyse timen. I slike høve skal kulturskulen varsle føresette, det vert gjort ved utsending av sms. Føresette kan krevje refusjon i elevavgifta om kulturskulen har avlyst undervisninga meir enn tre gangar i eit semester